



Klagenemnda for tilskot til kulturarrangement

Avgjerd frå Klagenemnda for tilskot til kulturarrangement 18. mai 2021

Sak: 2021/0718

Klagar: Aasmund Nordstoga

Samansetninga av Klagenemnda:

Nemndsleiar Tore Lunde, nemndsmedlemmene Kiran Aziz, Elin Melberg og Anne Margrete Fiskvik

1 Bakgrunn for saka

- (1) Aasmund Nordstoga (heretter «klagar») søkte 11. januar 2021 om kompensasjon som underleverandør for tap og meirutgifter i samband med arrangementet «Dyrsku'n» etter *forskrift av 4. november 2020 nr. 2250 om midlertidig kompensasjonsordning i forbindelse med avlysning, stenging eller utsettelse av kulturarrangementer planlagt avholdt i september 2020 som følge av covid-19-utbruddet.*
- (2) Kulturrådet fatta vedtak om avslag den 4. februar 2021 grunngjeve i at arrangementet ikkje vart rekna som eit kulturarrangement etter forskrifa §§ 2 og 5.
- (3) Klagar klaga på vedtaket den 4. februar 2021. Klagar har vist til at han var engasjert til to oppdrag i samband med arrangementet «Dyrsku'n» sitt kulturprogram. Oppdraga fall bort som følgje av at «Dyrsku'n» vart avlyst etter krav frå styresmaktene i samband med covid-19-utbrotet. Klagar har opplyst at han skulle vere programleiar/konferansier og songar på opningsprogrammet, og kjøgemeister og songar i bryllaupet som kvart år blir arrangert på «Dyrsku'n». Dette er to arrangement som trekkjer svært mange tilskodarar.
- (4) Klagar har vidare vist til at søknaden også omhandlar kulturarrangement som ikkje vart noko av, men som heller ikkje var kontraktert fordi ingen arrangørar har teke sjansen på å gjera slike avtaler under covid-19-utbrotet. Gjennomsnittsinntekta for dei tre siste åra som ligg til grunn for søknaden, tek med slike arrangement i tillegg til «Dyrsku'n».
- (5) Kulturrådet vurderte klaga, men har konkludert med at den ikkje ga grunnlag for å endre eller oppheve vedtaket, jf. lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker datert 10. februar 1967 (forvaltningsloven) § 33. Klaga og dokumenta i saka vart sendt til Klagenemnda for tilskot til kulturarrangement ved Kulturrådet si innstilling datert 1. april 2021.
- (6) I innstillinga har Kulturrådet vist til at arrangementet «Dyrsku'n» ikkje samla sett blir rekna for å vere eit kulturarrangement, jf. forskrifa § 5. I følgje nettsida til «Dyrsku'n»

Postadresse

Postboks 511 Sentrum
5805 Bergen

Besøksadresse

Zander Kaaes gate 7
5015 Bergen

Tlf.: 55 19 30 00

E-post: post@knse.no

er arrangementet hovudsakleg knytt til marknad/messer med sal, samt dyr og landbruk. Klagar sine oppdrag taler i følgje Kulturrådet heller ikkje for at dei er knytt til eit kulturarrangement. Klagar er programleiar/konferansier for opningsprogrammet, og song utgjer ein mindre del av oppdraget. Vidare er ikkje bryllaup å rekne som eit kulturarrangement.

- (7) Klagar har sendt inn merknadar til Kulturrådet si innstilling den 22. april 2021. Klagar er ikkje samd i utfallet, og meiner framleis at bryllaupet på «Dyrsku'n» og opningsprogrammet er å rekne som kulturarrangement. Klagar er samd i at kjernen i arrangementet «Dyrsku'n» er handelsmessa og utstillinga med dyr, men at arrangementet også har eit eige kulturprogram som mellom anna omfattar skodespel, opning og bryllaup.
- (8) Klager har i brev datert 23. april 2021 fått informasjon om saksgongen til Klagenemnda for tilskot til kulturarrangement, og frist til å kommentere Kulturrådet si innstilling i saka eller gje andre merknadar.
- (9) Klagenemnda for tilskot til kulturarrangement behandla saka i nemndsmøte 18. mai 2021.

2 Det rettslege grunnlaget

- (10) Det rettslege grunnlaget er *forskrift av 4. november 2020 nr. 2250 om midlertidig kompensasjonsordning i forbindelse med avlysning, stenging eller utsettelse av kulturarrangementer planlagt avholdt i september 2020 som følge av covid-19-utbruddet.*
- (11) I forskrifta § 1 om føremål står det:

«Formålet med denne ordningen er å kompensere tap og merutgifter i forbindelse med utsettelse eller hel eller delvis avlysning eller stenging av arrangementer i kultursektoren som følge av pålegg gitt av offentlige myndigheter i forbindelse med covid-19-utbruddet.»

- (12) Forskrifta § 5 lyder som følgjer:
 - «Underleverandører til kulturarrangement kan søke om kompensasjon når følgende vilkår er oppfylt:
 - a. Underleverandøren har sin hovedvirksomhet i Norge og var registrert i Enhetsregisteret før 1. mai 2020.
 - b. Underleverandøren skulle levert tjenester/innhold til kulturarrangement åpent for allmennheten i Norge i september 2020.
 - c. Underleverandøren har hatt et omsetningsfall på minst 30 prosent i kalendermånedene det søkes tilskudd for september 2020, sammenlignet med tilsvarende måned i 2019.
 - d. Tapte inntekter eller merutgifter etter § 6 for underleverandøren i den gjeldende perioden utgjør minimum 12 500 kroner til sammen etter eventuelle avkortninger nevnt i § 7.

e. Underleverandøren er ikke under konkursbehandling.

Med underleverandør menes aktører innenfor lys, lyd, bilde og rigg, artister, management, booking og filmdistributører som leverer tjenester eller innhold til et kulturarrangement, og aktører som leier ut lokaler der det skal gjennomføres et kulturarrangement.

Underleverandører som mottar 60 prosent eller mer av sine inntekter fra offentlige tilskudd i 2019 eller som er registrert i Frivillighetsregisteret, har ikke rett til kompensasjon etter denne forskriften.»

- (13) Etter forskrifta § 7 første ledd kan underleverandører «*kompenseres for inntil 50 prosent av sine tapte inntekter*».
- (14) Av forvaltningslova § 34 følger det at klageinstansen kan prøve alle sider ved saka og mellom anna ta omsyn til nye opplysningar. I dette ligg det at klageinstansen fullt ut kan prøve både rettsbruken, saksbehandlinga, faktum og det frie skjønnet. Klageinstansen kan sjølv gjere nytt vedtak i saka eller oppheve det, og sende saka tilbake til underinstansen til heilt eller delvis ny behandling.

3 Klagenemnda si vurdering

- (15) Klag gjeld Kulturrådet sitt vedtak om avslag på søknad om kompensasjon som underleverandør for tap og meirutgifter i samband med avlysning av arrangementet «Dyrsku'n» i september 2020.
- (16) Det følgjer av forskrifta § 5 første ledd at ein underleverandør kan få kompensasjon om vilkåra i bokstav a til e er innfridde. I forskrifta § 5 første ledd bokstav b er det eit vilkår at underleverandøren skulle leve tenester eller innhald til eit «*kulturarrangement*». Ordlyden tilseier at hovuddelen av arrangementet må vere ei form for formidling eller tilgjengeleggjering av eit kunstnarisk eller kulturelt innhald for bli rekna som eit kulturarrangement etter forskrifta. Eit arrangement der kunst- og kulturformidling er av eit mindre omfang, er såleis ikkje omfatta av kompensasjonsordninga. Nemnda held fram at vilkåret må bli tolka i samsvar med forskrifta sitt føremål i § 1. Det følgjer der at ordninga skal kompensere tap og meirutgifter i samband med heil eller delvis avlysning av arrangement i «*kultursektoren*». Dette trekker i retning av at ordninga særleg gjeld ein snevrare del av kulturlivet, og at ikkje alt som er omfatta av eit utvida kulturomgrep, fell innanfor kompensasjonsordninga.
- (17) Klagar har ført opp arrangementet «Dyrsku'n» som grunnlag for kompensasjon i søknaden. I klagar har klagar derimot opplyst at søknaden også gjeld andre arrangement, og at dei gjennomsnittlege inntektene frå september 2017-2019 er utrekna på grunnlag av fleire slike arrangement. I 2020 har klagar likevel berre avtala oppdrag med «Dyrsku'n», og klagenemnda si vurdering er av denne grunn avgrensa til dette arrangementet.
- (18) Arrangementet «Dyrsku'n» er etter klagenemnda si vurdering primært ei messe eller ein marknad for handel, husdyrhald og landbruk, der sal og demonstrasjoner knytt til dyr, matlaging og landbruk utgjer hovuddelen av arrangementet. Sjølv om marknaden også omfattar omsetnad og utstilling av husflidvarer, er det nemnda si oppfatning at messa som utgangspunkt har som føremål å selje dyr, lokal tradisjonsmat, landsbruks- og anleggsmaskiner. Nemnda viser til at det følgjer av arrangementet si nettside at

«Dyrsku'n» er «Noregs største handels- og landbruksmesse». Etter nemnda sitt syn utgjer dei kulturelle innslaga i samband med opningskvelden og utstilling av husflidvarer, ein mindre del av arrangementet. Omfanget av formidling av kunst- og kultur er såleis av eit så lite omfang at arrangementet ikkje blir å rekne som eit «kulturarrangement» slik dette er meint i forskrifta § 5 første ledd bokstav b.

- (19) Klagenemnda peiker elles på at eit bryllaup heller ikkje er å rekne som eit kulturarrangement, men ein festaftan der tyngepunktet ligg i å feire kjærleiken og ha sosialt lag. Dette utgangspunktet blir ikkje endra av at det årleg blir arrangert eit bryllaup i samband med «Dyrsku'n», eller at rolla som kjøgemeister kan krevje at ein gjer underhaldning i form av humoristiske eller musikalske innslag.
- (20) Som følgje av at «Dyrsku'n» ikkje er å rekne som eit kulturarrangement, er vilkåra for å motta kompensasjon som underleverandør i forskrifta § 5 ikkje oppfylte for klagar i dette tilfellet.

4 Vedtak

- (21) Klagenemnda for tilskot til kulturarrangement fattar etter dette følgande vedtak:

- 1. Klaga vert ikkje teken til følgje.**

Vedtaket er endeleg og kan ikkje bli klaga på, jf. forvaltningslova § 28 tredje ledd.

Vedtaket er samrøystes.

Bergen, 18. mai 2021

Tore Lunde

Kiran Aziz

Elin Melberg

Anne Margrete Fiskvik

Nemndsleiar

Nemndsmedlem

Nemndsmedlem

Nemndsmedlem

Dokumentet er godkjent elektronisk